

Referat årsmøte Torsdag 4. Januar 2017

Tilstede: Fra styret Solveig Hortman, Elisabeth Winterhus Julsrud, Ingrid Mathilde Sørvåg, Stein Andor Sundve, Kjetil Andre Skartland, Frode Tindeland. 11 stk fra bygda.

Sted: Bygdahuset

Møteleiar: Solveig Hortman

Referent: Frode Tindeland

Solveig opna møtet og innkallinga vart godkjent.

Solveig vart vald som leiar og Frode som referent.

Sakslista blei lest opp og godkjent.

Saksliste:

1. Årsberetning 2017
2. Rekneskap 2017
3. Saker frå Grendautvalet
 - Info om SØK midlar
 - Utkast til søknadskriterier av SØK midler
4. Inkomne forslag
5. Val –V/valkomiteen .

Årsberetninga vart lest opp av Frode, etterfulgt av rekneskapet som kasserar Kjetil Andrè gjekk igjennom. Vikebygd Grendautvalg har pr 05.01.17 - 109.000kr.

Stein Andor viste fram nettsida til Grendautvalget. Sida har gått frå 8800 unike søkerar i 2016 til nesten 13000 unike søkerar i 2017. Dette er ein fin og ikkje minst gratis plass for aktørar i bygda å reklamere seg

Elisabeth informera om SØK midlene, og utkast til søknadskriterier for midlene vart gjennomgått Stein Andor.

Me fekk innspel frå salen på nokre av punktene. Desse vil me gå igjennom ved seinare møte.

Status for prosjekta vart gjennomgått og er som følgjer:

-Vossasvingen

Arbeidet er straks i gang. Vegvesenet har vart ikontakt med grunneigar om lov til å parkere utstyr på eigedom, ved Vossasvingen.

-Delutbedring av Vikevegen

Pågår. Når oppstart av sykkel og gangsti frå Trovåg til Skjold vart starta, vil deler av dette veistykke også få utbedringer.

-Gang og sykkelsti m/lyktestolpar til Kvamme

Her får me purre i statens vegvesen då det er dei som har ansvaret for denne biten.

-Lys opp Alnavegen

Ligg inne som trafikkisikringstiltak i kommuneplanen

-Lys plassavegen v/sjøen

Her er det kommet opp noko privat belysning

-Dommersnes industriområde

Kaiområdet er pr. i dag utleigd til Westcon. Men skulle det komme inn aktørar som vil etablere seg på desse områda så kan kommunen forlange båtene fjernet på kort tid. Forslag frå salen om rydding av området eventuelt at bygdefolk kunne hente ut ved her ville gjere at området vart renska og at det området ville verta meir attraktivt for eventuelle investorar.

Forslag til handlingsplan

- ***Vossasvingane –gang og sykkelsti til Vikebygd sentrum*** held me fram med.
- ***Vidare arbeid med utbedring av vikevegen***
- ***Gang og sykkelsti frå vossasvingen til Dommarsnes med lyktestolpar***
- ***Skoging i bygda,dugnad.***

Det vart påpeika at dette var noko som måtte foregå i heile bygda og ikkje bare i sentrum. Det er mykje hekkar og buskar som veks ut i vegen og gang og sykkel-stiar desse bør haldas vedlike. Det kom forslag frå salen at når våren kjem så kunne me ha ein "kampanje" der ein oppfordra alle til å ta ansvar for sitt og beskjære det som veks ut i vegen, og er til hinder for trafikkisikkerheten. Dette kan annonseres på heimesida til Steinar og på butikken. Eit forslag som ein bør ta tak i.

- ***Fleire innbyggerar(barnefamiljar)***

Kommunen skal starte opp eit prosjekt "bu lyst/attraktivitets prosjekt" for bygdene Vikebygd, Bjoa, Imsland og Vikedal. Her kjem Rune Hetland, ordførar Ole Johan Vierdal og Anne Cecilie Berntsen til å jobbe med dette prosjektet. Prosjektet har fått 750 000kr til fordeling over tre år.

Dei har planlagt eit møte den 22 februar med leierane i dei ulike grendeutvala, og eit møte den 22 mars her blir det kanskje eit ope møte for publikum dette er ikkje bestemt enda.

- ***Reklamere for bygda, eventuelt reklamefilm og vidare arbeid med nettstaden***
www.vikebygd.no

4. Innkomne forslag

Gjennomgang av søknadar som er komt inn til Grendautvalget via nettsiden.

Innspel frå salen

Me kan gå i lag med dei andre laga og foreningane i bygda om eventer. Kunne ha felles dugnadsprosjekter med dei andre laga i bygda.

Turisme. Med så mykje flott natur og oppmerka tur-stiar. På Dommarsnes industriområde har Multi-Vedlikehold brakkeriggane sine, store deler av desse står pr. i dag tomme. Her burde det være mulighet for å leige rom. Me fekk høyre frå salen at privat personar har leiga rom her for ein billeg penge i sommaren som var.

Rolf Alne kunne fortelle at Torsen Legat fond fortsatt kan søke støtte frå, dei held på med å avvikle dette, men det er fortsatt midler her. Dei har allerede søknadar frå Vikebygd inne.

5.Val v/valkomiteen

Solveig Hortman vart gjenvalgt som leiar, nestleiar Elisabeth Winterhus Julsrud gjekk ut, vara medlem Ingrid Mathilde Sørvåg gjekk ut. Anna Elisabeth Langhelle, Marijann Larsen vart vald inn i styret.

Nytt styre

Solveig Hortman 2 år,

Stein Andor Sundve 1 år,

Frode Tindeland 1 år

Kjetil André Skartland 1 år,

Anna Elisabeth Langhelle 2 år,

Marijann Larsen 2 år

Valkomitè

Frantz Lea 1 år, Ingrid Mathilde Sørvåg 2år, Elisabeth Winterhus Julsrud 2år.

Revisor Gunnar Birkeland 1 år og Rolf Alne 1 år